



Handalag

Fleirfagleg opplæring midt i Hordaland

Sandvenvegen 40
5600 NORHEIMSUND
TELEFON: 56 55 38 80
MOBILTLF.: 91 55 33 38 Tone
99 10 35 80 Svanhild
E-POST: post@handalag.no
BANKGIRNR.: 3530 07 04318
ORG.NR.: 980 329 216
HEIMESIDE: www.handalag.no

Norheimsund, 25.04.16

Hordaland fylkeskommune
Opplærings- og helseutvalet
Postboks 7900
5020 BERGEN

UTTALE TIL FORSLAG OM NEDLEGGING AV KLASSAR I BYGG OG ANLEGG

Kvam og Jondal har mange byggjefirma med stadig behov for rekruttering av nye fagfolk. Ei nedlegging av klassane vg1 bygg- og anlegg og vg2 byggtknikk, vil få svært negative konsekvensar for søknaden til faget og oppretting av nye læreplassar. Bransjen har dei siste åra kontinuerleg teke inn lærlingar. Dette er, med svært få unntak, lokale ungdommar.

Oppretting av fleire læreplassar er eit pågåande fylkeskommunalt og nasjonalt satsingsområde. Handalag Opplæringskontor er nettopp ferdig med prosjektet *Yrkesfag i Fokus*, som har hatt som føremål å få fleire elevar til å søkja yrkesfaglege studieretningar i kommunane Kvam, Jondal og Samnanger. Resultat av prosjektet har vore at ein større del av ungdommen no søker yrkesfag.

Handalag Opplæringskontor vil halda fram arbeidet med å betra søknaden til yrkesfaga og kjem til å ha eit særskilt fokus på byggfag, då trongen i næringslivet er stor. Truleg vil også nedgangen i oljenæringa koma bygg og anlegg til gode på litt sikt og medføra at fleire søker seg den vegen.

Me ber om at fylkeskommunen tek omsyn til næringslivet sine behov i regionen og opprettheld tilbodet om vg1 bygg- og anlegg ved Norheimsund vidaregåande skule.

Mvh.

Hardanger Byggsenter AS

Hans Gravdal

Kvammabygg AS

Arne Lunestad

Byrkjeland Bygg og Eendom

Stig Byrkjeland

Botnen Entreprenør AS

Runar Botnen

Byggmeister Terje Kolltveit AS

Terje Kolltveit

Handalag Opplæringskontor

Tone Sjøgaard

Byggmeister Per Augustad AS

Per Augustad